
Vår referanse 2020/49768-3
Dato 20.05.2020

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Att. Anne Lise Molvik

Ber om tilleggsinformasjon og varsel om arkeologisk registrering - Etablering av planeringsfelt - gnr. 143, bnr.1 - Håland - Alver kommune

Vi viser til dykkar brev av 04.05. 2020 med søknad om dispensasjon i ovanfor nemnde sak. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune vurderer saka som regionalt kulturminnemynde. Søknaden gjeld etablering av to jordtippar/planeringsfelt (felt 1 og felt 2) på eigendom gnr. 143, bnr.1. I felt 1 er det opplyst at fyllingshøgda på det meste vert i overkant av 10 meter og at totalvolumet vil vera på rundt 30-40 000 kubikkmeter. I felt 2 er det opplyst om at fyllingshøgda i gjennomsnitt vil vera 1,5 - 2 meter og totalvolumet rundt 20 000 kubikkmeter.

Vidare viser vi til vårt brev av 11.05..2020 der vi varsla ei kulturhistorisk synfaring. Arkeologar frå Vestland fylkeskommune gjennomførte synfaringa same dag.

Automatisk freda kulturminne og Den Indre Farleia eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse.

Like ved dei omsøkte planeringsfelt ligg eit automatisk freda kulturminne, ein gravhaug frå jernalder med Askeladden id. 118249. Det automatisk freda kulturminnet er ikkje tydeleg vist i innsendte søknad. I denne saka skal vi vurdere om summen og omfanget av tiltaka vil endre området sin karakter/landskapsrom i ein slik grad at dei vil vere utilbørleg skjemma for det automatisk freda kulturminnet, jf. kulturminnelova § 3. Blir tiltaket vurdert til å vere utilbørleg skjemma må ein søkje om dispensasjon frå kulturminnelova § 8. For å kunne vurdere utilbørleg skjemma må saka vere tilstrekkeleg opplyst før vi kan gje vårt fråsegn.

Området er del av Den Indre Farleia som er eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA). Det er knytt føresegn til KULA området i kommunedelplan for Knarvik - Alversund med Alverstraumen, § 4.2.4, b.

Planeringsfelt som er vist i innsende søknad har eit stort omfang. Vi kan ikkje sjå at plassering og breddene på vegane som skal opparbeidast i forbindelse med tiltaket i tilstrekkeleg grad er vist i innsendt søknad. Omfanget av desse inngrepa må visast på målsett situasjonsplan med teiknforklaring. Plan- og snitteikningar visar ikkje godt nok dei framtidige konsekvensane av tiltaket.


Vi ber om at det vert sendt inn:

- Vegar som skal etablerast i samband med tiltaket skal visast på målsett situasjonskart med teiknforklaringar, samt skildre når og korleis vegen skal tilbakeførast til dyrka mark.
- Automatisk freda kulturminne skal tydeleg visast på situasjonskartet.
- Snitt skal visast på situasjonskartet. Snittlinje skal namngjevast og snittretning visast (sjå figur 2).


- Snitteikningar med teiknforklaring skal vise planeringsfelt/fyllinga med fyllingsfot og nye vegar, med påteikna gravhaug, steingardardar, eksisterande veger og bygningar. Opphavelg terreng skal også visast.
- Illustrasjonar/foto som skildrar den estetiske verknaden dei omsøkte tiltaka vil ha på gravhaugen, og som visualiserer både nærverknad og fjernverknad.
- Vi ber om at kommunens kulturminnefaglege vurdering av tiltaket blir oversendt når denne føreligg.

Varsel om arkeologisk registrering

Det er potensiale for funn av automatisk freda kulturminne i området, spesielt gjeld dette for Terrengendring/fyllingsfeltet i nord (felt 2). Dyrka mark har potensiale for funn av flatmarksgraver, åkrar og gardstun frå bronse-, jarn- og mellomalder. Vi finn det dermed naudsynt med ei arkeologisk registrering i dette feltet for å avgjere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne, jf. § 9 i kulturminnelova. Jf. § 10, må kostnadene ved registreringa dekkast av tiltakshavar. Eige brev med nærare opplysningar om den arkeologiske registreringa vert ettersend når etterspurde tilleggsinformasjon er motteke.



Figur 1. Rune R visar automatisk freda gravhaug med tilhøyrande sikringszone.



Figur 2. Svart markering visar omfanget av snitt som skal sendast inn etter kulepunkt 2 og 3.

Med helsing

Inger Lena Gåsemyr
fagleiar

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift